


Kvartalsrapport

3-2013



SpareBank
HALLINGDAL VALDRES



Kommentarar 3. kvartal 2013

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og følgjande seks heileigde dotterselskap

EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS
SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS
(tidl. HallingRegnskap AS)
SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS
(tidl. Valdres Regnskap AS)

SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS er nytt selskap i konsernet frå og med 1. kvartal i år. Selskapet eig banken sine lokale på Heggenes og Beitostølen. Selskapet har også kjøpt lokala til Coop Prix i Hemsedal som er bygd om for utleige til reiselivsrelatert verksemd i Hemsedal med bl.a. turistkontoret som leigetakar. Senteret opna i august. I tillegg er selskapet i gang med ombygging av banken sine lokale på Beitostølen som etter ombygginga også skal huse rekneskapskontor og eigedomsmeklar. Selskapet er også involvert i utbygging av leigde lokale på Fagernes der regnskapskontor og eigedomsmeklar skal inn. Ombygginga på Beitostølen skal vere fullført til jul, medan ombygginga på Fagernes er planlagt slutført til sommaren.

Dotterselskapaharinnverknad på enkeltpostarikonsernrekneskapen, men har mindre innverknad på konsernresultatet. Etter 3. kvartal er samla verknad på konsernresultatet frå desse selskapa eit underskot på 1,2 mill. kroner etter goodwill-avskrivningar.

Banken eig 7,8 % av Samarbeidende Sparebanker AS, 7,8 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS og 7,7 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest 2 AS, som alle er felleskontrollerte verksemdar eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest 2 eig 19,5 % av Bank 1 Oslo Akershus. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemdene utgjer 15,6 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 56 mill. etter 3. kvartal.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 3 kvartal på 49,2 mill. kroner som tilsvarar 0,93 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er klart betre enn for tilsvarende periode i fjor. Kvartalet har vore ei nokså normal driftsperiode utan spesielle hendingar. Bankfusjonen med Øystre Slidre Sparebank i november 2012 vil framleis påverke dei fleste resultatstorleikane når ein samanliknar mot fjoråret.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 102,5 mill. kroner mot 79,7 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 3. kvartal på 1,93 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,79 %. Den viktigaste årsaka til den relative betringa i rentenettoen er lågare renter på banken sine innlån og gjennomførte renteendringar på utlån og innskot, spesielt for engasjement med høg risiko.

Banken har overført bustadlån som tilsvarar 18,7 % av samla utlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (Boligkreditt). Legg ein i saman netto renteinntekter og provisjonsinntekter på overførte lån utgjer dette 2,18 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For same tid i fjor var talet 1,89 %.

Netto andre driftsinntekter utgjer 61,6 mill. kroner mot 46,7 mill. i same periode i fjor. Auken skuldast fleire tilhøve, men den klart største enkeltposten er vekst i provisjonar på overførte lån til boligkreditselskapet. I tillegg har banken ein vekst i provisjonar frå skadeforsikring og gebyr på betalingstenester.

Driftskostnadane i 3. kvartal aukar frå 74,5 mill. i fjor til 86,6 mill. kroner i år. Av veksten på 12,1 mill. kjem 60 % frå løn. I høve til same periode i fjor har banken fleire tilsette etter fusjonen i november. Andre driftskostnader går ned etter eit fjorår med høge kostnader knytt til førebuing av bankfusjonen.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 11,2 mill. kroner, og kjem i hovudsak frå auke i både individuelle og gruppevisse tapsnedskrivningar.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på 7,3 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 25,0 % siste 12 månader og som ein del andre balansepostar er utviklinga det siste året i stor grad påverka av fusjonen med Øystre Slidre Sparebank i november 2012. Balansetala nedanfor er difor kommentert i høve til utviklinga frå nyttår.

Balanseført utlån har ein vekst hittil i år på 369,5 mill. kroner. Overførte lån til Boligkreditt inngår ikkje i balanseførte utlån, men tek ein med desse er auken sidan nyttår på 609 mill. kroner eller 8,6 %. I privatmarknaden er veksten i denne perioden 385 mill. eller 7,8 %. Tilsvarende tal for bedriftsmarknaden er ein vekst på 218 mill. kroner og 10,3 %. Banken si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 37,2 % av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 62,8 %. Reknar ein med overførte lån til Boligkreditt er fordelinga 30,3 % / 69,7 %.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 3. kvartal 110,9 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 1,76 % av brutto utlån og har utvikla seg positivt i kvartalet. Banken har framleis eit særleg fokus på oppfølging av tapsutsette engasjement, og arbeider for å få redusert misleghaldet. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 44,2 mill. kroner per 3. kvartal. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 358 mill. kroner (obligasjonar). Dette er fordelt med 52,1 mill. i statsgaranterte papir, 160,9 mill. i obligasjonar med fortrinnsrett (OMF), 121,1 mill. i kommune og bankobligasjonar og 23,9 mill. i industriobligasjonar. Banken har ei samla aksjeportefølje på 144,2 mill. kroner. Av dette blir ei portefølje av norske og utanlandske aksjar forvalta av eksterne forvaltarar som per 3. kvartal er bokført til 44,1 mill. Banken har vidare aksjar i tilknytte konsernselskap (selskap nemnde i avsnittet om konsernet) bokført med til saman 103,3 mill. kroner. Aksjar i dotterselskap er bokført til 53,3 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av 3. kvartal er på 4.691 mill. kroner, og er ein auke på 172 mill. frå nyttår. Omrekna i prosent er auken siste 9 månader på 3,8 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 75 % mot 76,2 % ved årsskiftet.

Banken har per 3. kvartal til saman 1.551 mill. kroner i eksterne innlån, 7 obligasjonslån på til saman 1.451 mill. kroner og 1 banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlåna har 295 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har i tillegg ein oppgjerskreditt på 40 mill. kroner og ein trekkrett på 40 mill.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 16,3 % ved utgangen av 3. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 12,5 %, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Framtidsutsikter

Banken justerte utlånsrentene i sommar og har fått den forventede auken i rentenetto og rentemargin. Det er ikkje utenkjeleg at auka kapitalkrav i 2014 vil medføre ei ytterlegare einsidig justering av lånerenta for å betre rentemarginen utover dagens nivå.

Ein svært god utlånsvekst er jamt fordelt mellom privatmarknaden og bedriftsmarknaden. Utlåna følgjer dei krav som er sett til eigenkapital, sikkerheitsdekning og risikoprising. Volum med misleghalde lån går ned og det er lite tilførsel av nye misleghalde engasjement.

Bidraget frå verksemdene i dotterselskapa er beskjedent, men etablering av EiendomsMegler 1 i Valdres og restrukturering av regnskapsverksemda frå to til eit selskap er forventet å gje resultatteffekt fram i tid.

Hallingdal, 30.09.13/14.11.13

Kjell Vidar Bergo Åge Sandsengen Sissel Bjørøen
Formann Nestformann
Odd Holde Tore Østlund Kristin Ourom
Claes-Christian Poulsen

Resultatrekneskap 3. kvartal 2013

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 12	3. kv. 12	3. kv. 13	30.09.12	30.09.13		30.09.13	30.09.12	3. kv. 13	3. kv. 12	Året 12
252 241	60 820	77 667	186 705	220 455	Renteinntekter og liknande inntekter	222 477	185 016	81 152	60 334	249 508
141 882	34 275	39 992	107 023	117 970	Rentekostnader og liknande kostnader	122 610	107 128	44 225	34 320	141 497
110 359	26 545	37 675	79 682	102 485	Netto rente- og provisjonsinntekter	99 867	77 888	36 927	26 014	108 011
7 686	-1 484	-69	11 121	12 498	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	20 342	13 574	8 476	4 594	12 177
45 620	11 590	16 150	31 476	45 572	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	45 572	31 476	16 150	11 589	45 620
2 014	469	766	1 470	2 028	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	2 028	1 470	767	470	2 014
5 375	2 915	1 261	4 750	3 702	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	3 702	4 750	1 262	2 916	5 078
3 951	256	476	782	1 864	Andre driftsinntekter	54 850	41 240	15 703	14 497	57 796
60 618	12 808	17 053	46 659	61 608	Sum andre inntekter	122 438	89 570	40 824	33 126	118 657
170 977	39 353	54 728	126 341	164 093	Sum driftsinntekter	222 305	167 458	77 751	59 140	226 668
53 837	13 307	15 409	34 463	42 301	Personalkostnader	78 880	60 172	26 010	22 412	93 822
32 266	7 266	8 413	22 190	26 177	Administrasjonskostnader	25 514	21 961	7 743	7 026	31 811
2 319	480	861	1 471	2 668	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	11 422	8 910	3 793	3 440	12 596
38 209	5 060	5 000	16 375	15 434	Andre driftskostnader	20 781	19 826	7 231	6 463	43 776
126 631	26 113	29 683	74 499	86 580	Sum driftskostnader	136 597	110 869	44 777	39 341	182 005
44 346	13 240	25 045	51 842	77 513	Resultat før tap	85 708	56 589	32 974	19 799	44 663
16 002	2 708	3 874	10 654	11 180	Tap på utlån, garantiar mv	11 180	10 654	3 874	2 708	16 002
-	-	-	-	-881	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-872	-	9	-	-
28 344	10 532	21 171	41 188	67 214	Resultat etter tap	75 400	45 935	29 091	17 091	28 661
5 350	3 400	8 300	12 000	18 000	Skatt på ordinært resultat	19 388	13 541	8 556	3 960	5 484
22 994	7 132	12 871	29 188	49 214	Resultat av ordinær drift etter skatt	56 012	32 394	20 535	13 131	23 177
22 994	7 132	12 871	29 188	49 214	Resultat	56 012	32 394	20 535	13 131	23 177

Nøkkeltal

	MORBANK			
	3. kv. 13	3. kv. 12	Året 12	Norm 12 *)
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,93	1,79	1,83	1,78
Driftskostnader i % av driftsinntekter	52,76	58,97	74,06	54,50
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,63	1,67	2,10	
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	9,55	6,90	3,10	10,32
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	6,99	4,89	2,52	7,55
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,18	0,20	0,27	0,21
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	21,09	2,97	16,07	
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	1 440 177	1 058 860	1 200 385	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	23,61	8,20	21,38	
Innskotsvekst i % siste 12 md.	22,56	7,32	21,52	
Innskot i % av brutto utlån	74,48	73,58	76,21	80,65
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	25,42	4,21	14,68	
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	903 363	778 246	904 266	
Kapitaldekning	16,27	16,23	16,69	18,08
Eigenkapitalprosent	13,11	13,94	13,59	9,48
Nedskriving i % av brutto utlån	0,70	1,10	0,61	0,77

*) Byggjer på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

Dotterselskap

Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINNTEKTER	30.09.13	30.09.12	Endring	RESULTAT FØR SKATT	30.09.13	30.09.12	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	16 921	17 948	-1 027	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	1 829	4 110	-2 281
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	7 155	7 051	104	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	1 166	386	780
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	0	0	0	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-455	-298	-157
SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS	22 508	20 626	1 882	SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS	1 817	1 750	67
SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS	14 540	12 376	2 164	SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS	920	1 212	-292
SpareBank 1 ValHåll Eigedomsutvikling AS *)	402		402	SpareBank 1 ValHåll Eigedomsutvikling AS *)	-324		-324
Sum	61 526	58 001	3 525	Sum	4 953	7 160	-2 207

*) Selskapet starta i 2013

Balanse per 30. september 2013

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.12	30.09.12	30.09.13	EIGEDELAR	30.09.13	30.09.12	31.12.12
73 396	44 819	133 532	Kontantar og fordringar på sentralbankar	133 532	44 820	73 398
42 410	36 320	176 831	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	177 288	40 232	43 385
5 929 592	5 202 090	6 299 127	Brutto utlån til og fordringar på kundar	6 200 631	5 117 541	5 840 924
-13 803	-36 190	-15 663	- Individuelle nedskrivningar	-15 663	-36 190	-13 803
-22 500	-20 900	-28 500	- Gruppevise nedskrivningar	-28 500	-20 900	-22 500
5 893 289	5 145 000	6 254 964	Netto utlån til og fordringar på kundar	6 156 468	5 060 451	5 804 621
2 482	-	2 482	Overtekte eigdeklar	2 482	-	2 482
320 856	288 899	358 089	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	358 089	288 899	320 856
148 580	118 050	144 207	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	144 689	119 040	149 074
101 266	100 686	103 252	Eigarinteresser i tilknytt selskap	169 899	163 496	162 421
54 423	58 115	53 296	Eigarinteresser i konsernselskap	9	-	-
3 156	1 649	3 458	Immatrielle eigdeklar	30 654	35 145	35 100
24 135	11 630	15 822	Varige driftsmidar	112 742	97 667	108 956
11 472	6 644	28 892	Andre eigdeklar	44 894	18 668	27 612
35 241	29 469	51 087	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	75 520	48 761	54 086
6 710 706	5 841 281	7 325 912	Sum eigdeklar	7 406 266	5 917 179	6 781 991
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
250 000	250 000	100 148	Gjeld til kredittinstitusjonar	101 107	252 117	251 145
4 519 153	3 827 698	4 691 403	Innskott frå og gjeld til kundar	4 684 469	3 819 877	4 508 794
967 527	849 459	1 451 283	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 451 283	849 459	967 527
32 392	20 373	30 313	Anna gjeld	39 337	28 020	38 693
15 328	67 534	76 627	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	85 882	76 139	27 104
14 391	12 178	15 962	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	19 936	16 034	18 404
5 798 791	5 027 242	6 365 736	Sum gjeld	6 382 014	5 041 646	5 811 667
805 700	-	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	-	805 700
75 000	-	75 000	Grunnfondskapital	75 000	-	75 000
2 069	-	2 069	Andel resultat grunnfondskapital	2 069	-	2 069
11 581	-	11 581	Overkursfond	11 581	-	11 581
894 350	-	894 350	Sum innskote kapital	894 350	-	894 350
-	-	-	Fond for vurderingsulikeheiter	66 648	62 810	58 409
-	771 357	-	Sparebanken sitt fond	-	771 357	-
-	-	-	Anna eigenkapital	-9 370	-4 522	-
12 742	13 494	11 789	Gåvefond	11 789	13 494	12 742
3 678	-	3 678	Utljammingsfond	3 678	-	3 678
1 145	-	1 145	Kompensasjonsfond	1 145	-	1 145
17 565	784 851	16 612	Sum bundne fond / frie fond	73 890	843 139	75 974
-	29 188	49 214	Resultat hittil	56 012	32 394	-
911 915	814 039	960 176	Sum eigenkapital	1 024 252	875 533	970 324
6 710 706	5 841 281	7 325 912	Sum gjeld og eigenkapital	7 406 266	5 917 179	6 781 991
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
659 867	610 601	607 502	Betinga forpliktingar	607 502	610 601	659 867

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	3. kv. 13	3. kv. 12	Året 12
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	110 899	176 555	122 481
- individuelle nedskrivning	13 623	34 829	12 603
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	97 276	141 726	109 878
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	3 646	-	1 760
- individuelle nedskrivning	1 598	-	1 200
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	2 048	-	560
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIAR			
Endring gruppe nedskrivning	6 000	-2 000	-2 000
Endring individuell nedskrivning	3 402	10 247	-12 617
Konstatert tap i perioden	1 886	4 691	34 183
Inngått på tidl.konst. tap	-108	-2 284	-3 564
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	11 180	10 654	16 002

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES

